



Høyringsbrev – utgreiing skulestruktur

Kommunedirektøren sender med dette forslag til endring i skulestrukturen i Midt-Telemark kommune ut på høyring. Høyringa gjeld dette høyringsbrevet. Tilleggsdokumenter er tilråinga frå administrasjonen, samt risikovurderingar. Desse er gjennomført i samarbeid med deltakerar frå arbeidsgruppa der tillitsvalde og verneombud er representera.

Frist for høyringa er 28.04.2024. Det er ei open høyring slik at alle kan kome med innspel.

Bakgrunn

Bakgrunnen for Arbeidspakke skulestruktur er at Midt-Telemark kommune per 31.12.2023 hadde eit meirforbruk på om lag 20,5 MNOK. Sektoren har ein stor økonomisk utfordring i 2024 med eit vesentleg pålegg om nedtrekk. I tillegg må sektoren ta sin del av overforbruket i 2023 som må hentas inn innan utgangen av 2025.

Kommunedirektøren sin vurdering:

- 1. Hausten 2024 startar alle nye 1.trinnselevar på Bø skule. Administrasjonen på Folkestad skule og Bø skule blir slått saman.**
- 2. Hausten 2025 samlokalisera 2.-7.trinn på Folkestad skule med Bø skule.**

Medverknad

Det har vore oppretta ei Arbeidspakke skulestruktur beståande av hovduttillitsvalde, plasstillitsvalde, plassverneombod, rektorane ved begge skulane, assisterande rektor frå Bø skule, representant frå teknisk eining, kommunalsjef for oppvekst og pedagogisk rådgiver oppvekst.

Høyringa

Føremålet med ei høyring er å gje råd til kommunedirektøren og politikarar om forslag til endring av skulestrukturen. Skulene sitt læringstilbud, læringsutbytte til elevane og struktur er ei sak som gjeld svært mange brukarar, tilsette og øvrige innbyggjarar. Høyring er ei viktig kvalitetssikring av saka. Vi imøtekjem også innspel frå frivillige lag og foreningar.

Høyringa er åpen, slik at alle interessera har moglegheit til å kome med innspel. Det visast og til liste øvst i høyringsbrevet med særskild invitera høyringsinstansar.

Alle innspel frå høyringa vil, saman med arbeidet frå administrasjonen, leggest til grunn for saka som kommunedirektøren fremjer for politisk behandling.

Saka behandlast i utval for oppvekst og kultur 06.05.2024 og formannskapet 13.05.2024.

Den endelege beslutninga tas av kommunestyret den 27.05.2024.



Det er ønskje om innspel på

1. Framlagt forslag til endring av skulestruktur
2. Er det moment som bør tas sterkare omsyn til enn det som er gjort i høyringsutkastet?

Innspel må gjes skriftleg innan 28. april 2024

Sendast til

- E-post til post@mt.kommune.no
- vanleg post til Midt-Telemark Kommune, postboks 83, 3833 Bø.

Liste med særskilde inviterte høyringsinstansar

FAU ved den enkelte skule

Elevråd ved den enkelte skule

SU/SMU ved den enkelte skule

Dei tilsette ved den enkelte skule

Einingsleiar ved den enkelte skule

Einingsleiar ved den enkelte barnehage

Skulehelsetenesta

Nome og Midt-Telemark PPT

Nome og Midt-Telemark barnevern

SKI – senter for kvalifisering og integrering

Kultureininga

Fagforbundet i Midt-Telemark

Utdanningsforbundet i Midt-Telemark

Telemark fylkeskommune

Vedlegg

1. Tilråding frå kommunen
2. Risikovurdering

Kommunalsjef Oppvekst

Pia Groven-Robertsen